



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Helse – og Omsorgsdepartementet
Einar Gerhardsen plass 3
Postboks 8011 Dep
0030 Oslo

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		62497/2010/	Åse Ellen Bergdal Slattem, 71 25 88	14.12.2010

Høyringsuttale til ny kommunal helse- og omsorgslov

Høyring om ny kommunal helse- og omsorgslov.

Forslag til ny kommunal helse- og omsorgslov er no ute på høyring. Forslaget er ei oppfølging av den såkalla samhandlingsreforma.

I samhandlingsreforma er det eit mål å dempe veksten i sjukehusbudsjetta. Ein større del av helsetenestene skal overtakast av kommunehelsetenesta. Dette under føresetnad av at kommunane skal yte like god eller betre kvalitet, samt kostnadseffektivitet, som det står i samhandlingsreforma si målsetjing.

Denne målsetjinga frå sentrale styresmakter vil bli ei kjempeutfordring for kommunane. Dei fleste kommunane har ein lang veg å gå.

Pensjonistforbundet i Møre og Romsdal har nyleg utført ei undersøking av sjukeheimsdekninga i fylket. Denne undersøkinga viser at det er stor mangel på sjukeheims plassar. Storparten av kommunane oppfyller ikkje statens normer på 25 sjukeheims plassar pr 100 over 80 år. Sjukeheimsbygginga har nærast stansa opp. Dei siste tre åra har det blitt bygd berre 3 – tre - nye sjukeheims plassar i heile fylket. Dette skjer trass i det store behovet og trass i auken av eldre i dei næraste åra.

Mangelen på kvalifisert helsepersonell i sjukeheimane er eit stort problem. Legedekninga er svært lav, sjølv om pasientane på sjukeheimane ofte er like dårlege eller dårlegare enn sjukehuspasientar. Kommunane manglar nok kvalifiserte sjukepleiarar, fysio- og ergoterapeutar.

Fylkeseldrerådet meiner at statlege styresmakter no må setje bemanningsnormer for sjukeheimane. Dette må følgjast opp med øyremerka midlar til å byggje ut eldreomsorga i kommunane slik som det vart gjort for å få full barnehagedekning i kommunane.

Etter forslaget til ny helse- og omsorgslov skal kommunane betale for utskrivingsklare pasientar i sjukehusa. Det blir vidare foreslått at kommunane skal betale ein del av rekninga for nødvendig sjukehusbehandling for ei avgrensa gruppe. Det er ikkje sagt kva for ei gruppe dette kan bli.

Dei eldre utgjer i dag ein stor del av sjukeheimspasientgruppa, der flesteparten er demente. Fylkeseldrerådet er redd for at eldre som treng spesialistbehandling i sjukehusa kan bli ramma av dårleg økonomi og manglande prioritering i kommunane, og dermed ikkje få den behandling dei har behov for. Det må derfor ikkje leggjast opp til ei ordning der andre kriterium enn behov skal telje for behandling hos spesialistar på sjukehus.

Fylkeseldrerådet vil så sterkt vi kan, be om at inga nedbygging av sjukehusetjenester skjer før kommunane har fått bygd ut sine tenester tilfredsstillande slik som det står i samhandlingsreforma: "kommunane skal gje eit like godt eller eit betre tilbod".

Storting og Regjering må ta ansvar og sørge for at kommunane har økonomi til ei verdig eldreomsorg, slik som Storting og Regjering ønskjer. Dersom kommunane ikkje prioriterer eldreomsorga, må konsekvensen vere at staten set nasjonale standardar i eldreomsorga og øyremerkar midlane.

Med helsing

Målfrid Mogstad(ref)

Eldrerådets leiar



Åse Ellen Bergdal
Slattem
rådgivar